



Bente Kopperdal Hervik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/1206 - 22/18107

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:

02.03.2022

Oversender søknad til uttale/godkjenning - gbnr 444/80 Mangersneset

Tiltak: Kloakkrensestasjon
Byggjestad: Gbnr: 444/80
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Multiconsult Norge AS

I samband med etablering av ny kloakkrensestasjon på Manger kai gbnr. 444/80 har Alver kommune mottatt søknad om endring datert 15.02.2022.

Endringssøknaden omfattar tiltak i eit område ved Toskavegen som er registrert som kulturminne i verneklasse A.


Kulturminne

I område ved Toskavegen (område K) vil oppgraderinga kryssa den gamle bygda vegen som har vernestatus A. Denne vegen er regulert til friområde i kommuneplan. Det vert etablert eit trekkerør for signalleidning som vil krysse den gamle bygdevegen. Kryssinga vil skje i myrområde like nordvest for Manger sentrum og er vist med raud merke på den brune bygdevegen på kartet under.

Kommunen har i dag ein SP 160 mm leidning som går gjennom området og i forbindelse med oppgradering av VA nettet, ynskjer ein legge ned fiber/signalkabel langs denne traseen. Kabelen vert trykkspylt ned i myra og vil ha ein dimensjon på 40 mm. Kabelen vil ligg ca. 60-70 cm under myroverflata.



Kulturminneoversikt frå miljoatlas.no



Utklipp frå vedlegg D-8

Både kulturminneplan og kommuneplan er tydelege på at tiltak i verneklasse A-D må ha godkjenning frå kommunale kulturmynde før ein kan gjennomføra tiltaket.

Ansvarleg sækjar Multiconsult Norge ber om at byggesak innhentar godkjenning frå kulturmynde i kommunen for kryssing av fiber/signalkabel tilknytt VA gjennom den gamle bygdevegen over Radøy (Urlekleiva – Skjenet på Hella).

Saka vert oversendt for godkjenning frå kulturmynde i kommunen.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om endring av gitt tillatelse eller godkjenning - gbnr 444/80 Mangersnes
10 Situasjonsplan D-1 GH001 Oversiktstegning - Endringsøknad
34 F-1 Følgebrev
9 Situasjonsplan D-8 Oversikt - området i nord 100

Mottakarar:

Bente Kopperdal Hervik